

## REKNESKAP 2016

Rekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr. 5.882.077,72 og eit udisponert overskot på kr. 5.552.258,25

### Driftsrekneskap

#### Inntekter

Driftsinntektene er på ca. 96,6 mill. kr, ein auke på ca. 2,6% samanlikna med året før.

#### Utgifter

Driftsutgiftene ligg på ca. 93,2 mill.kr. noko som er ca 0,4 % høgare enn i 2015.

#### Einingane:

Resultat i høve budsjett (underskot med negativt forteikn)

	Rekneskap	Budsjett	Resultat
	2016	2016	2016
210 Stab/støtte	11 051 679,88	10 886 000,00	-165 680,00
215 Kultur	729 437,20	817 000,00	87 563,00
220 Barnehage	4 733 780,42	4 728 000,00	-5 780,00
230/235 Undervisning/musikksk.	14 797 596,52	15 078 000,00	280 404,00
250 Helse & Omsorg	23 416 129,74	25 320 000,00	1 903 870,00
270/280 Teknisk/landbruk	9 790 895,52	9 898 000,00	107 104,00
290 Finans	70 071 777,53	66 727 000,00	3 344 777,53
Regnskapsmessig mindreforbruk			5 552 258

Einingane kom samla sett ut med eit overskot på drifta på 2.207.481,-. Kr. 428.000.- av dette skriv seg frå pensjonsutgiftene.

Finans har eit overskot på 3,4 mill. kr., noko som skriv seg frå renter på lån, plassering i finansmarkedet og auka skatteutjanningsmidlar i rammetiskotet.

Stab/støtte kjem ut med underskot p.g.a eit likviditetslån til Granvin Næringsbygg.

Skulen sitt overskot skriv seg i hovudsak frå tilskot til vaksenopplæring.

Helse og omsorg sitt store overskot skriv seg m.a. frå legetenesta, der ein ikkje kom i gang med legevaksamarbeidet med Voss i 2016. I tillegg fall fleire hjelpetiltak bort tidleg i året.

Helsesøsterstillinga har vore delvis vakant i 2016. Utgiftene til sosialhjelp er kraftig redusert.

Einingane har utført ein god budsjettkontroll i 2016.

#### Brutto driftsresultat:

Er driftsresultat før finansrekneskapen: kr 3.411.137,99 som er ca. 3,6% av driftsinntektene.

#### Finansrekneskap

Resultatet av eksterne finanstransaksjonar er kr. -2.432.684,67 som er 2,2 mill. betre enn budsjettert. Hovudgrunnen til dette finn ein i avkastning på kraftfondet og på låge renter på låna.

### **Netto driftsresultat**

Etter finanstransaksjonane kjem ein fram til netto driftsresultat på kr. 5.882.077,72.- som er 6,3 % av driftsinntektene.

### **Bruk og avsetjing til fond i driftsrekneskapen:**

Det er brukt kr. 5.408.796,29.- av fond og avsett kr. 5.738.615,76

Av bruken er kr. 806.833,38 frå disp.fond og kr.1.076.284,15 frå bundne fond.

Det er avsett kr. 4.892.292,76 til disp.fond. Av dette er kr. 875.000 budsjettert  
overskotsavsetning og kr. 3.525.678,76 udisponert overskot frå tidlegare år.

Avsetjing til bundne fond utgjer kr. 846.323.

### **Rekneskapsmessig resultat**

Resultatet etter avsetjingar og bruk av avsetjingar er kr 5.552.258,25 (rekneskapsmessig mindeforbruk)

### **Investering:**

Det er i 2016 investert for kr. 7.870.904.-. eks.mva.

Største investeringa har vore Vassverk i Folkedal med kr. 3,4 mill og siste del av nytt skuletak med kr. 1,2 mill.. På vegen til Skår er det brukt kr. 820.000.- i 2016. Arbeidet med sikring av Granvinselva er utgiftsførd med kr. 559.000.-, Skielva byggefelt med kr. 724.000.-

Det vart teke opp lån på kr. 16.708.000.- til investeringar i 2016. Av dette er kr. 7.258.286,15 brukt i året. Resten vert ståande som ubrukne lånemidlar til seinare finansiering av budsjetterte investeringar som ikkje vart slutførte i 2016. Størst her er bygging av nye omsorgsbustader.

Det er teke opp kr. 5.0 mill. kr. i nye startlån i 2016, og brukt kr. 4.180.000.-.

### **Balansen:**

#### **Aktiva:**

Sum eignedelar er bokført pr. 31.12.2016 med kr. 356.582.758,79

Heradet hadde pr. 31.12.2016 kr. 42.595.696,83 i banken, og kr. 12.504.257,12 plassert i ulike fond i finansmarknaden. Bokførte pensjonsmidlar er kr. 114.609.151.-

#### **Passiva:**

Lånegjelda utgjer pr. 31.12.2016 kr. 84.318.504.- og er auka kr.18.156.317.- frå året før.

Av lånegjelda er kr. 17.032.838.- startlån frå husbanken.

Netto lånegjeld pr. innbyggjar er ca kr. 72.200.-. Berekna pensjonsansvar er kr 146.025.583,44

### **Sluttkommentar:**

Reduserte utgifter innan Helse & omsorg, gunstig rente på lån, bra avkastning i finansmarkedet, god skatteinngang/skatteutjamning og bra budsjettkontroll er alle element som gjer at driftsresultatet i 2016 vert svært godt.

Lånegjelda har auka kraftig men er framleis innanfor det heradet kan tåle.

Arne Nedkvitne

Øk.sjef